



Ulsteinvik, 28.11.03

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

<i>Arkivsak nr.:</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Vår ref.</i>	<i>Dykkar ref.</i>
03/02453	012972/03	100 //	TEK/PLA/AGJTE	

**Saka gjeld: NY PLAN OG BYGNINGSLOV - FRAMLEGG FRÅ
PLANLOVUTVALET (NOU 2003:14) - UTTALE**

Ulstein Teknisk utval har i møte den 25.11.03 i sak 03/0172 gjort fylgjande vedtak:

- 1. Teknisk utval sluttar seg i hovudsak til formål, verkeområde, verdigrunnlag og retningslinjer m.m slik dette er utforma i kap. 1. Utvalet har i si vurdering i det alt vesentlege sett på reglane som gjeld kommunal planlegging, og ser opplegget for utarbeiding og handsaming av planstrategi og planprogram som eit godt grunnlag for målretta planlegging og politisk eigarskap til planane.**
- 2. Når det gjeld kommuneplanen sin arealdel, meiner utvalet at det er viktig å kunne utarbeide denne etter eit fleksibelt opplegg. Innafor rammene av tilfredsstillande opplegg for medverknad og rettstryggleik bør det vere høve til å utarbeide kommunedelplanar også for arealbruk.**
- 3. Teknisk utval viser til reguleringsplanen sin sterke posisjon planhistorisk og som akseptert og kjend plantype. Utvalet ser det som eit feilsteg å ikkje nytte nemninga reguleringsplan på den plantypen som fastlegg rettsleg bindande, og i naudsynt grad detaljert, arealbruk for den einskilde eigedom og for sjøområde.**
- 4. Teknisk utval vil rå ifrå at ein legg opp til å tilføre fylkeskommunen sterkare planmynde. Dette med omsyn til kommunal sjølvråderett, og fordi fylkeskommunen i si noverande form er på veg ut.**
- 5. Utvalet syner elles til vurderingane i saksframlegget.**

Med helsing

André Gjerde

Avd. leiar plan/sakshandsamar

Vedlegg: Saksframlegg